

NVE
Pb. 5091, Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref. 201906418
" arkiv;

Vår ref: A.101 HÅ/NVE/intr.19- komm.

Dato: 14.10.19

Klepp Energi sine kommentarar – til NVE sitt forslag til endring i forskrift om kontroll av nettselskapa og i forvaltningspraksis for inntektsreguleringa

Vi viser til brevet frå NVE 26.06.19 og høyringsdokument nr. 6/2019, der ein ber om kommentar til dei foreslåtte endringane frå NVE.

Forslag om auka normandel frå 60 til 70 prosent:

Klepp Energi er imot ein auke i normandelen, so lenge det er store svakheiter i effektivitetsanalysen. Eit selskap som bygger framtidens nett med 400V og robust kabelanlegg og som har høg last i nettet, blir definert som ineffektiv i NVE sin analyse i fht. eit selskap med 230V anlegg og linjenett. For med 400V og kraftig kabelnett, kan ein klara seg med mykje færre trafokioskar og ein god del færre kilometer med høgspennnett, noko modellen til NVE ikkje tar omsyn til.

Det paradoksa i denne samanhengen er at den som bygger det nettet myndegheitane eigentleg vil me skal byggja, kjem dårlegast ut i inntektsramme systemet til NVE. Og med å auka normandelen frå 60 til 70 prosent blir ein straffa enno meir med å byggja det retta nettet!

Endring i ordninga for utbetaling av svært lange avbrudd, USLA

Denne endringa burde vore innført for lenge sidan. Det er viktig at ordninga skal vera enkelt å forstå for kunden, viktig i fht. omdømme for bransjen og i fht. insentiv til leveringspålitelegheit.

Endra reguleringa av Statnett sine kostnader tilknytta systemansvaret

Det er her viktig at Statnett skal ha dei same insentiva og krava til kostnadseffektivitet, samanlikna med øvrige nettselskap. Når me ser på Statnett sin andel av nettleigekostnaden i dag ifht. for ein del år tilbake i tid, ser me at Statnett sin andel av nettleigepreisen har auka betydeleg. Og skal me klara å få elektrifisert samfunnet enno meir for å få ned CO2 utsleppa frå fossilt brensel, er det viktig at me alle blir meir effektive og kan halda nettleigepreisen nede.

Elhub gebyra blir dekkja inn som eit tillegg til inntektsrama

Dette høyrer greitt ut, men samtidig er det viktig at nokon passar på at Elhub kostnadane ikkje tar heilt av. For so lenge nettselskapa får dekkja sine kostnader, kan ein her mista fokus på kostnadseffektivitet.

Endra kalibreringsgrunnlaget i kostnadsnormmodellen frå avkastningsgrunnlag til totale kostnader, inkludert bidragsfinansiert kapital.

Utfordringa med denne endringa er for nettselskap i område med stor utbygging, der ein ikkje har anna valg enn å måtta investera for nye kundar/ny overføring.

Det er her viktig at systemet generelt legg opp til ein god balanse mellom investering og drift. Men samtidig er det viktig at nettkvaliteten ikkje blir svekka av denne endringa. Spørsmålet er om me veit korleis dei nye anleggsbidragsreglane vil kunna påverka dette.

Endra forvaltningspraksis for godkjenning av pilot- og demoprojekt i FoU ordninga

Viktig med gode og effektive FoU ordningar.

Endra definisjonen av skille mellom regionalnett og lokalt distribusjonsnett i transformatorstasjonar i den økonomiske og tekniske rapporteringa

Dette burde vore innført for mange år sidan, både i fht. ei bedre samanlikning mellom nettselskapa og for ei meir korrekt fordeling av inntektsramme potten.

Det er og viktig å få på plass eit slikt felles skille i fht. kva som skal førast korhen i rekneskapa, og dermed kva som skal leggjast til grunn for utrekninga av regionalnettsprisane for underliggjande distribusjonsnett.

Klepp Energi er positiv til alle endringane unntatt auka normandel frå 60 til 70%, og endra kalibreringsgrunnlaget i kostnadsnormmodellen frå avkastningsgrunnlag til totale kostnader, inkludert bidragsfinansiert kapital.

Årsaka til at me ikkje er for desse to endringane, er pga. for mange svakheiter i dagens ordning. Og når då normandelen skal aukast og det blir gjort endringar i kalibreringsgrunnlaget i kostnadsnormmodellen, blir dei som byggjer framtidensnett m.bl.a. 400V, kabling, sikrere nett, reduserte nettap o.m. berre enno meir straffa for dette – noko som er eit stort paradoks.

NVE GJER ALT FOR LITE FOR Å FÅ BYGD FRAMTIDSNETTET

Noko av det viktigast med NVE si inntektsrammeregulering er å gje incentiv til å redusera kostnader og få nettselskapa til å gjennomføra framtidensretta og gode investeringar som gjev effektive og driftssikre straumnett i framtida. Og å få ei mest muleg rettferdig fordeling av den totale inntektsramme potten.

1. For Klepp Energi sin del, er det berre andel kabel i høgspennetnettet - der dagens modell og rammevilkår er relevant. Dette fordi alt strømmettet, både høgspenn- og lavspennnett snart er lagt i kabel, og dermed forsvinn mykje av poenga med vind, skog, islast, temperatur o.fl. av parametra.
2. Spørsmålet er kanskje om mange av desse rammevilkåra, er utgått på dato og burde vore erstatta av nye rammevilkår ifht. å bygga framtidensnett. Dagens rammevilkår premierar mest bygging av nett slik ein alltid har gjort, og mindre ifht. korleis ein bør bygga nettet for framtida.
3. Det som manglar i rammevilkåra for dagens modell, er incentiv for å få bygd framtidensnett – sikrere nett – HMS - meir kabling – 400V – redusera nettapet – like reglar – osv.

Rammevilkår som skulle vore med i den framtidensretta inntektsramme modellen:

a. 400 V skulle vore ein av dei nye rammeparametra

Det er viktig at den nye inntektsramme modellen ikkje er til hinder for å kunna bygga rasjonelle og framtidensretta nett. I dagens modell for distribusjonsnett, er det brukt tre rammeparametra, *abonnement, høgspennnett og nettstasjon*, for utrekninga av DEA resultatet.

Klepp Energi meiner det er feil å bruka antal nettstasjonar i den nye DEA modellen, dersom talet på nettstasjonar ikkje blir ganga opp med ein faktor i fht. kor mykje av distribusjonsnettet som er 400 V. Vår påstand er at ein kan klara seg med betydeleg færre nettstasjonar med 400 V i fht. 230 V nett. I tillegg til færre nettstasjonar, får ein også færre km med høgspennnett med 400V. 400 V er framtidens lavspennnett, og dei som har satsa på dette i lengre tid blir no straffa for dette i reguleringsmodellen. Dess meir 400V nett dess lavare innt.rama!

Alt nytt lavspennnett burde vore bygd som 400 V, fordi dette gjev lavare utbyggingskostnader, bedre nett kvalitet og mindre nettap – som igjen gjev lavare nettleigekostnader for kundane. NVE burde heller lagt opp til eit løp, kanskje via inntektsramme systemet for ei ombygging til 400V for alt lavspennnettet i landet i løpet av ein ikkje for lang tidsperiode, og i alle fall ikkje straffa dei som prøver å få gjort dette.


b. Km høgspennnett i dagens inntektsramme system, kan det og stillast spørsmål til.

400V nett og kabelnett gjev færre kilometer høgspennnett. Mange av dei største overføringane på høgspenn distribusjonsnett, ville nesten ikkje vore muleg å bygd som luftnett – for då måtte ein i mange tilfeller bygd doble linjer for å kunna overføra tilsvarende energimengder som i dag.

- c. **Kabling bør bli bedre premiert i inntektsramme systemet.**
Rapporten som NVE gav ut ifjor, viser tydeleg at straumnett lagt i bakken gjev betydeleg mindre utfall og bedre kvalitet på straumen til kunde. I tillegg til mykje lavare nettap. Dei fleste meiner at været vil kunna bli både våtare og meir vindfult i framtida, so meir kabling vil nok berre bli viktigare framover – enten NVE har dette med i inntektsramma eller ikkje.
- d. **Overført energimengde burde vore ein av dei nye rammeparametra**
Eit selskap med høg overført energimengd, kan koma ekstra dårleg ut ifht. KILE kostnad, fordi inntektsramma ikkje tar omsyn til overført energimengd i dag.
- e. **KILE kostnaden**
Selskap med lave KILE kostnadar ifht. mykje overført energi, blir for dårleg premiert for dette i innt. rama systemet i dag. Dersom ein berre er definert som effektiv nok, får ein i dag det meste av KILE kostnaden sin tilbake 2 år seinare.
- f. **Nettap – for lite fokus på dette i bransjen.**
Innt. rama modellen burde vore laga slik at ein blei premiert om ein hadde lave nettap. Med dagens ordning er det viktigaste å tilpassa seg modellen på best muleg måte slik at ein kan bli definert som effektiv, so er ikkje nettap og andre kostnadar so viktige – for denne kostnaden får ein berre tilbake i innt. rama 2 år seinare.
- g. **Avskrivingsreglane må vera like for heile bransjen.**
Avskrivingsstidene må vera lik for alle nettselskapa, og ikkje slik som no at fleire nettselskap begynner å spekulera i endringar av avskrivingsstansane for å få høgare innt. rama på bekostning av resten av bransjen.
- h. **HMS er for lite synleg i inntektsramme systemet.**
Eit av dei beste HMS tiltaka i bransjen, er truleg å kunna få meir av straumnettet i bakken. Også kabling av lavspentnettet burde hatt meir fokus, både ifht. HMS-delen, nettapet, sikrere nett og bedre kvalitet på straumen som blir levert til kunde.

Det ideella var å fått inn ei premierung i den nye inntektsramme modellen, som gjorde det enno meir interessant å bygga framtidas nett - og i alle fall ikkje tapa på dette.

Med helsing
KLEPP ENERGI AS



Håkon Ådland
Direktør

